

Emnenr: 76.

Hedmark fylke.

Emne : "Dei kloke" .

Elverum herred.

Bjørsetgrenda.

Oppskrevet av Olav Furuseth

Bjølset skole.

Opplysningane her eg fra fleire heimelsmenn. Det meste er nedskreve før 1945.

Svar :

Frå Heradsbygda i Elverum har eg hørt om to "kloke" som kan nevnes her.

Doktor Tigerhjelm har eg hørt mye tale om av gamle folk på mine kanter. Diverre er det så få faktiske opplysningar ein kan finne om han i dag. Han levde på sama tid som distriktslækjer Munthe (far til kunstnaren Gerhard Munthe) ~~xxx~~ virka i Elverum. Munthe kom til Elverum i 1846 og døydde her i 1883.

Ingen kan fortelja meg når Tigerhjelm var født eller årstalet når han døydde. Men han levde enna omkr. 1890. Dei eg har spurt, seier at han var svenske, og ein fortalde meg ein gong at han skulle ha gått ei slags lære borte.

Olav Bjølset, 86 år gamal, bosett på Bekkevold i Elverums Leiret, hadde sett han på Skjefstad i Heradsbygda omkr. 1890. "Han reste nå omkring mest som en tater syntes je", sa O. Bjølseth. "Høssen var han kledd"? spurte eg. "Å, sa halv passelg" var svaret.

Doktor Tigerhjelm reiste mye omkring i bygdene her. Folk frå Bjørsetgrenda reiste noen ganger til Øverby i grannebygda Våler for å søke hjelp hos han. Ellers heldt han mye til i Elverums Leiret.

Så vidt eg kan skjønna brukte han verkelege lækjar - råder og magi om kvarandre. Emil og Lina Sandaker i Bjørsetgrenda hørte til hans beste og mest trugne klientiel. Dei lei av "forkøstels", eitslags magavondt som hadde årsaka si i for hardt arbeid. Dei fekk dyvelsdrekk for dette. "Om døm vartnåe bere av kuren hass, vet je itte", sa ein av mine forteljarer.

Doktor Tigerhjelm skreiv ofte ut resepter for folk, og apoteket godtok alltid reseptane hans.

Det ser ikkje ut til at han stod i noe motsettnads tilhøve til distriktslækjar Munthe. Amund Hansen Braten var hos Munthe og laga sko ein gong. Da kom doktor Tigerhjelm til gards og bad om lov til å samla giftige plantar i kalvehagan på Alfheim. Jo, det fekk han da. Da Tigerhjelm gjekk, åtvare han mot å sleppa kalvane til kalvehagen meir den sumaren. Da det leid om ei tid, meinte ~~Munthe~~ Munthe at det ikkje kunne vera så farleg med åtvaringa til Tigerhjelm, og dei slapp kalvane dit att. Same kveld lag begge kalvane daude på hamninga.

Det ser ut til at Tigerhjelm somme tider nytta reint magiske hjelperåder og. Ein mann frå Bjørsetgrenda hadde ei dotter søg var lite for seg (Ho var idiot) Han drog til Tigerhjelm for å få hjelp. Han sa dei skulle smøye henne gjennom ein nordvendt glugge, sistnok tri torsdagskvelder på rad.

2

Randine Søberg (d. 1942) fortalde at Tigerhjelm hadde gifta seg med ei kvinne frå Grundset i Elverum. Ho meinte at kona hans hadde vore om ikkje sinnsjuk, sa fält nervøs og uroleg ved dei tider ho raka Tigerhjelm. Det skulle ha vore han som gjorde henne frisk at, meinte Randine.

### Marte Bjølsethagen.

Marte Bjølsethagen eller Marte Havan som ho vart kalt i Bjørsetgrenda, vart mye nytta som lækjar og jordmor. Folk kalte henne trollkjerringa, og mange var redd henne fordi dei mente at ho kunne "gjøra at".

Marte Bjølsethagen døydde i 1887 103 år gamal. ~~Sjå i boka om Bjølsethagen i Elverum. Ho meinte sjølv at ho var eit år for ~~103~~ ung etter kyrkjeboka, og etter det skulle ho vera 104 år da ho døydde.~~

Ho var fødd i Brennlykkja i Hagen Krins i Elverum. Faren var kjempen Gunner Brennlykkja eller Brenn-Gunnar han vart kalt. Det gjekk ry om kreftene hans, og han braut jord for folksa lenge jorda var tiug på året. Var han sterk, var han fäl til å eta og. Den dag i dag talar folk om Brenn-Gunnar stomp hvis det er stomp som er meir enn vanleg stor. Når han grov jord, brukte han ein slags ~~stakk~~ kjole av sekkestrie og ingen ting under kor kaldt det var.

Var Brenn-Gunnar stor og sterk, var dotter hans lita og spe. "Sjå der danser a Marte, dötter mi, nett som e dokke", brukte han å seie når han var i godlag.

Marte hadde vore tenestgjente fleire år hos sorenskrivar Malthe på Houm. Han var gift med ei fransk dame. Ho var niece til henne som drap revolusjonsleiararen Marat. Fru Malthe skulle på mange vis ha vore ei merkeleg og dyktig kvinne. Ho var den første som dyrka kveite i Heradsbygda. Av henne fekk Marte med seg frø og sådde kveite i Bjølsethagan. Soleis vart dette første garden i Bjørsetgrenda der dei dyrka denne vokstren. Da Malthe flytte til Arendal i 1823, tykte frua så godt om henne at ho fekk Marte med seg dit.

Marte Havan kunne stemme blod, sa folk. Ein sumar vart ein heradsing og ein odøling som arbeidde som slättekarer i Bronka uvenner om ei jente. Ein morgon under skårgangen, hogg odølingen ljaen i hælen på rivalen sin. Det vart sendt bod etter Marte. Ho kom og les over såret, og blodet stansa straks.

Ho likte ille at folk sa ho kunne stemme blod. "Døm seer je kan stemme blod, men je berre steller med såret så det slutter å blø, je", sa ho.

Kvar jonsokknatt samla ho lekjarurter. Da gjekk ho naken. Blommene hadde si største kraft jonsokknatta, sa ho. Hans Bråten fortalde: "Da je var smagutt, lurte ja je på a e jonsokknatt. Det var enda i kalvlykkja i Nord-Bråten. Vi visste itte bære da, men tykte det var morosamt. Ho batt blommen opp i små bunter som ho hengte på venstre armen. På slget tolv slutte ho".

Når ho skulle stemme blod, tok ho til fatfilla med det same ho fek bodet om den blødande, sa folk.

Folk var redd henne. Ein gong var ho i Nord-Bråten. Sa pen kalv du har, Oline, sa ho og strauk kalven over ryggen. Om kvelden vart kalven sjuk. Øra skrulte seg opp. Ho Oline fekk hjelp av ei signekjerring i Skybak Skybakkgrenda, og kalven vart tilsist bra. Men ho tvila ikkje på kven som hadde skulda.

3

Ho Marte og ein som heitte Amund kom i slik akkedering på Sorperud ein gong. Til sist sa a Marte: "Detta sker du ha at på småkrøttera dine, Amund". Ikkje lenge etter kom gråbeinen og herja i saueflokken hans. Men så lenge han levde trudde han at dette var skulda hennes Marte.

Ho hadde ein son som heitte Gunner Barmo, eller Barmokongen som dei og kalte han. Han var ståterkonge (jaga tater tur bygda), feiar, bemann i bryllup og gravøl og ein svært veltalande kar. Han knota støtt stivt bymål. Han tykte lærar Halvorsen heldt for stutt liktale i heimen over mor si. Så gjekk han fram og byrja slik: Når jeg i dag som min moders eldste sønn her står ved hennes bære, vil jeg sige nogle takkens ord! Så tala han i mye over ein time.

Gunner Barmo vart 102 år gamal.